



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom 2 etasje, Fitjar rådhus
Dato: 08.11.2016
Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Arvid Ole Refvik	Leiar	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	
Torunn Johansen	Medlem	
Trude Helland	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Eva Pernille Tufteland	Nestleiar	

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Inga Helene Skumsnes	Eva Pernille Tufteland	
Vigdis Tislevoll	Trude Helland	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Berit H. Johansen	Helse- og sosialssjef
Atle Tornes	Rådmann
Marianne Ytrearne	Sekretær for eldrerådet

Arvid Ole Refvik
leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 22/16	Godkjenning av protokoll	
PS 23/16	Oppsummering av Eldredagen	
PS 24/16	Rekneskap for eldredagen	
PS 25/16	Referat frå "Konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland"	
PS 26/16	Bustadsosial handlingsplan - Fitjar kommune - 2016-2020	
PS 29/16	Forslag om sjukeheims plassar	
PS 27/16	Godtgjersle - Eldredagen	
PS 28/16	Saker Eldrerådet vil arbeida for	
PS 30/16	Ymse	

PS 22/16 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 12.09.16.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 12.09.16

Vedtak/tilråding:

Som framlegg.

PS 23/16 Oppsummering av Eldredagen

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Eldredagen blei arrangert 5. oktober 2016 på Fitjar vidaregåande skule. Det blei solgt ca. 100 billetter. Svein Kåre Meling holdt tale, Osternes mannskor song, Svein Tørnquist spelte og prolog om «Slaget på Fitjar» blei lest av Harald Johan Sandvik. Elevane ved skulen laga og serverte mat. Eldrerådet var enige i at arrangementet var vellykka og interessant.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 24/16 Rekneskap for eldredagen

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Leiar Arvid Ole Refvik la fram ei oversikt over inntekter og utgifter for eldredagen.

Inntekter:

Gåve frå Sparebanken Vest	kr. 10 000,-
Billettinntekter, 97 à kr. 100,-	« 9 700,-
Sum inntekter	<u>kr. 19.700,-</u>

Utgifter:

Rekning frå Fitjar vgs.	
Snitter, kaffi og kaker, 105 à kr. 90,-	kr. 9 450,-
Rest til gode	<u>« 10 250,-</u>

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet godkjenner rekneskapen.

PS 25/16 Referat frå "Konferanse for kommunale eldreråd i Hordaland"**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Då Nestleiar Eva Pernille Tufteland ikkje var tilstades i møtet, ynskjer eldrerådet å utsetje saka til neste møte.

Vedtak/tilråding:

Saka vert utsatt til neste møte.

PS 26/16 Bustadsosial handlingsplan - Fitjar kommune - 2016-2020**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Framlegg til innspel blir lagt føre i møtet.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Helse- og sosialsjefen orienterte om arbeidet med planen, og om dei tiltaka som det er mest trong for, vert prioriterte med det første.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

PS 29/16 Forslag om sjukeheimsplassar**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Rådmannen orienterte om saka, midlar til innsparringar og utleige av 2 sjukeheimsplassar til Stord. Litt om det nye inntektssystemet og utfordringar med dette. Oppussing av demensfløy.

Rådmannen orienterte også om budsjettet.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 med langtidsplan, blir formelt lagt fram 09.11.2016 for Formannskapet og utvalsleiarane.

Men rådmannen valde likevel å orientera om sitt framlegg til budsjett, om dei overordna rammeoverføringane til kommunen og om ein del konkrete tiltak som får verknad for eldre.

Helse- og sosialsjefen orienterte om dei endringane som ligg i budsjettet på helse-, sosial- og omsorgssektoren.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek orienteringane til vitande.

PS 27/16 Godtgjersle - Eldredagen**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Svein Kåre Meling holdt tale på eldredagen og ynskja at godgjersla skulle gå til «Leger uten grenser».

Eldrerådet hadde ikkje merknader til dette.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet vedtok samrøystes at godgjersla på kr. 3000,-, blir sendt til «Leger uten grenser». Summen vert å ta av konto 14700.

PS 28/16 Saker Eldrerådet vil arbeida for**Framlegg til vedtak/tilråding:**

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:

Eldrerådet skal orientera f.eks. til Pensjonistlaget om eldrerådet og om kva eldrerådet kan arbeide med.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 30/16 Ymse**Framlegg til vedtak/tilråding:****Behandling i Eldrerådet - 08.11.2016:**

Grete Marit Veka Maraas ynskde at eldrerådet diskuterte litt rundt om «trivselstiltak» for dei eldre på Fitjar bu- og behandlingssenter og Havnahuset. Trivselstiltak som dans, musikk, arrangement i hagen osv.

Eldrerådet utsetter saken til neste møte.

Vedtak/tilråding:

Saka vert utsatt til neste møte.